

MØTEBOK

SAMNANGER SOKNERÅD

Tysdag 3. jan. 2023

Ekstramøte grunna bispevalet.

Soknerådet har stemmerett på tilråding til ny biskop i Bjørgvin. Vedtaket skal sendast som tilråding til bispedømet innan 5. januar kl. 23.59. Orientering om dette frå bispedømet og presentasjon av sjølve kandidatane, var ikkje klart til novembermøtet vårt, og difor måtte me ha eit ekstramøte.

Desse møtte:

Frå soknerådet:	Leiar Gullborg K. Aasgaard, Hilde M. Aarvik, Inger Odland, Anlaug Røen Hauge, Johannes S. Bruvik, Knut Inge Røen, sokneprest David Vogel.
Varamedlem u. stemmerett:	Ingen
Kommunal representant:	Ingen
Skrivar:	Kyrkjeverje Britt Haukanes
Forfall:	Monica Tjønna

Møtestad/ tid: Haga kyrkje kl.18.30 – 21.30

Opning v. Gullborg Aasgaard. Om Marta og Maria. Å velja den gode delen – korleis kan ein gjera det i kvardagen?
Filmsnutt: Gje det vidare.

Sakliste

Sak 1/23 KS	GODKJENNING AV INNKALLING OG MØTEBOK
Sak 2/23 SR	TILRÅDING OM TILSETJING AV NY BISKOP I BJØRGVIN
Sak 3/23 SR	KYRKJELEG FELLESSKAP

Sak 1/23 KS

GODKJENNING AV INNKALLING OG MØTEBOK

Orientering om ekstramøtet med saksutgreiing om bispevalet, var sendt ut 16. des. Sak 3 var også varsla i denne e-posten. Innleiing til sak 3 - Tankar om fellesskap, var sendt ut av soknepresten 30.12. Grunna jula, har ikkje «den formelle innkallinga» vorte sendt ut før 2. jan. Håpar likevel at rådet kan godkjenne innkallinga. Den kommunale representanten var ikkje til stades på møtet, men har meldt at ho ikkje har kommentarar til møteboka.

Vedlegg: Møtebok for 24. nov. 22 m. vedlegg

Vedtak:

Møtebok for 24. nov. og innkalling for 3. jan. er godkjende.

Sak 2/23 SR

TILRÅDING OM TILSETJING AV NY BISKOP I BJØRGVIN

Det er seks nominerte kandidatar til ny biskop i Bjørgvin.

- Stephanie Dietrich (56), professor ved VID
- Sunniva Gylver (55), sokneprest i Fagerborg
- Ragnhild Jepsen (53), domprost i Nidaros
- Nils Terje Lunde (51), nestkommanderande i Forsvarets tros- og livssynskorps
- Kjersti Gautestad Norheim (48), sokneprest i Birkeland
- Gudmund Waaler (59), domprost i Bjørgvin

Desse kan du lesa meir om her: [Bispenominasjon seks kandidatar - Bjørgvin bispedøme \(kirken.no\)](#) Kvar kandidat har svart på 10 spørsmål, som du finn linkar til nedst på sida.

Det vart også halde eit møte med kandidatane den 6. des. i St. Jacobs-kyrkje. Det er eit to timars opptak frå møtet inkl. songinnslag. [Presentasjon av kandidatar til ny biskop i Bjørgvin bispedøme - Bjørgvin bispedøme \(kirken.no\)](#) Me såg ikkje på dette i fellesskap på soknerådsmøtet, men såg den korte presentasjonen som kvar kandidat hadde laga om seg sjølv. I e-posten som vart sendt ut 16. des., vart det oppmoda til å sjå og lesa om kandidatane heime.

På førehand diskuterte rådet kven dei meiner kan fylla oppgåva som biskop best av kandidatane.

I flg. brevet frå bispedømet om røystinga, skulle det stemmast etter tur over 1., 2. og 3. kandidat, og dette vart gjort skriftleg. Vedtaket skulle så sendast som tilråding til bispedømet.

*Vedl. 2 Tilsetjing av biskop _Orientering frå bispedømet
Viser elles til linkane ovanfor.*

Vedtak

Samnanger sokneråd har denne tilrådinga til tilsetjing av ny biskop i Bjørgvin:

1. Kjersti Gautestad Norheim (6 av 6 stemmer)
2. Nils Terje Lunde (4 av 6 stemmer)
3. Ragnhild Jepsen (6 av 6 Stemmer)

Ragnhild Jepsen fekk to stemmer som 2. kandidat.

Sak 3/23 SR

KYRKJELEG FELLESSKAP

Korleis betra det kyrkjelege fellesskapet i Samnanger?

Kan me t.d. ha arrangement med tema, måltidfellesskap og samtale også etter Alfa-kursa?

Les tankar frå soknepresten som utgangspunkt for samtala. Send ut. 30.12.22

Me treng også snakka om kyrkjelydshelga 3.-5. febr.

Vedl.3 Tanker om fellesskap

Kyrkjelydshelga:

Tema: Fellesskap og relasjonsbygging. Temasamling laurdag ettermiddag.

Eige opplegg for borna under temasamlinga.

Me kan bruka malen etter 2020 som utgangspunkt for program. Påmelding innan 25. januar.

Invitasjon i Samningen og e-post til dei på medarbeidarlista.

David og Hilde arbeider vidare med planlegging og prøver å få med seg fleire. Åshild, Ane, Anne, Stefan?

Kyrkjeleg fellesskap

Litt av det som vart snakka om med utgangspunkt i soknepresten sitt brev:

Nokon meinte at det er ynskjeleg å formulera nokre setningar/ tankar kring kva me meiner med mottoet vårt, «Saman med venner, saman med Jesus, saman for andre». Kunne me hatt 4-5 konkrete setningar om kvart punkt? Dette må stå tydeleg på heimesidene våre og formidlast ut i kyrkjelyden. Det må ikkje berre handla om bygg og tiltak/ arrangement men også om mål og visjonar.

Andre meinte at det viktigaste for folk i bygda, ikkje er kva som er formulert på eit papir, men kva som vert gjort og korleis folk vert møtt. Å skapa seg godt omdøme eller «eit godt rykte». Me må ha ein del tiltak som er til for å byggja relasjonar og gjera tersklane til kyrkja lågare slik som «kyrkjebandy» og «strikkekafe». Det kan også vera konsertar, songkveldar, hobbykveldar. Me må også snakka godt om oss sjølv, tala positivt om ting som skjer i kyrkja. Ha fokus på det som er bra!

Presten peika på at det også er eit behov for folk å kunna snakka om tru og «store spørsmål» på ein annan måte enn det me får til på ei gudsteneste/ kyrkjekaffien. Der har Alpha-kursa sin mal fungert godt. Fellesskap er viktig, også folk i kyrkjelyden som ikkje går på kurs no, kan trenga eit fellesskap der ein deler måltid og snakkar saman. Ikkje alle er med i husfellesskap. Soknerådet ynskjer å halda fram med samlingar etter Alpha-mal, med tema, mat og samtale også etter at Alpha-kurset er slutt. Ein gong i månaden var føreslege. Sidan kurset er slutt rett før påske, kan ein invitera kursdeltakarane til skirtorsdag-gudsteneste med kveldsmat og eit par datoar for slike tema-samlingar før sommaren. (Alfa-samling var oppe som namneforslag. Nokon det meinte det kunne verka ekskluderande for dei som ikkje har gått på Alphakurs.)

Tiltak for dei truande er også viktig. («Saman med Jesus» - punktet i kyrkjelyden sitt motto.) Forbøn, sjelesorg, å lytta til andre og syngja saman til oppbygging for truande. Husmøte-samlingane var bra tiltak som vart følgd opp av «bøn og lovsong» i kyrkja på Haga. Skal me halda fram med noko liknande?

Nokon mente også at gamle sår etter det som har vore gjort i kyrkja sin regi tidlegare, kan vera med og stengja for nokon av dei som er i foreldre-generasjonen no, og gjera at dei ikkje ynskjer å gå i kyrkja. Ei orsaking er på sin plass til dei som tek desse tinga opp når dei kjem i kyrkja t.d. som konfirmantforeldre. - Og me treng vera tydelege på korleis arbeidet mellom ungdomar vert

drive i kyrkja no, både overfor medarbeidarar og foreldre. Det viktigaste me kan gjera er å ta lærdom av feila som vart gjort og møta folk på ein god og open måte i kyrkjene våre no, vart det sagt.

Spørsmålet om nattverd på gudstenester var også oppe. (Jmf. vedl.3) Grunna trusopplæringsgudstenester og andre «særskilde» gudstenester, har talet på nattverdsgudstenester gått ned. Soknerådet ynskjer meir nattverd og fleire tok til ordet for å heller korta ned på nattverdliturgien, for at ikkje gudstenestene skal verta for lange når det er fleire dåp eller trusopplærings-tiltak.

Til slutt vart det sagt at me burde hatt eit bilde av soknerådet på heimesidene våre, og at me kanskje kunne hatt ein film som presenterer kyrkjelyden på en meir lettvindt måte enn å gå inn på alle tiltaka me har. Dette kan plasserast under «om oss», - her høyrer også kyrkjelyden og soknerådet heime, ikkje berre tilsette og bygg.